

# Årsmøte Norsk bibliotekforening Møre og Romsdal

Referat

**Tid:** 22. november 2021 kl. 17–18

**Stad:** Vestnes

**Til stades:** Éin representant frå sittande styre, tre institusjonsmedlem og éin personleg medlem

## Saksliste

### 1. Opning av årsmøtet

Opning gjennomført ved kasserar Katrine Solberg.

### 2. Val av møteleiar og to referantar

Møteleiar vart Katrine Solberg.

Referantar Torgeir Brun og Inger Lise Aarseth.

### 3. Godkjenning av innkalling og saksliste

Godkjent med kommentar.

Somme fekk ikkje innkallinga. Fleire opplevde at innkallinga sendt pr. e-post hamna i søppelpost eller sendt til feil e-postadresse. Påtroppande styre bør gå gjennom registrert kontaktinformasjon.

### 4. Årsmelding

Kommentar til punkt 4 om fylkesbiblioteket i Møre og Romsdal – no Seksjon for arkiv, bibliotek og museum – at ein bør få på plass eit samarbeid for å auke rekrutteringa til bibliotekstillingar i fylket. Styret for perioden 2020–2021 vart presentert

### 5. Rekneskap

Kasserar orienterte at de nytta mykje tid for å overføre tilgangar frå førre kasserar. Mykje arbeid er no gjort for at overgang blir enklare for neste kasserar.

Elles vart rekneskapet tatt til orientering.

### 6. Budsjettforslag

Samrøystes vedtatt.

### 7. Verkeplan for komande periode

1. Arbeide for ein veldriven lokalavdeling der gode retningslinjer, rutiner, systematisk arbeid og kunnskapsdeling blir prioritert.
2. Arbeide for gode rammevilkår for alle bibliotek i fylket.
3. Bidra til å vidareutvikle Nasjonal bibliotekdag i fylket.
4. Heve kompetansenivået og dele kunnskap slik at lokalavdelinga når sine mål.
5. Samarbeide med Møre og Romsdal fylkeskommune ved Seksjon for arkiv, bibliotek og museum om Bibliotekdagane/ABM Konferansen.

### 8. Innkome forslag

Ingen innkomne forslag.



### 9. Val

Valkomiteens forslag vart samrøystes vedtatt.

#### *Nytt styre for perioden 2021–2022*

Torgeir Brun (leiar 2021–2023)

Berit Hjertø (styremedlem 2021–2023)

Sigurd Biørnstad Syversen (styremedlem 2021–2023)

Eskil Helseth Folland (styremedlem (2020–2022)

Lisa Alvestad (styremedlem 2020–2022)

#### *Vara til styret*

Elisabeth Soleim (2021–2023)

Vigdis Ødegård (2020–2022)

#### *Revisor*

Tove Aurdal Hjellnes (2020–2022)

#### *Valstyre*

Elisabeth Alexandra Ziel Opsvik

Det vart under møtet gitt løyve til at styret finn ein andre person til valkomiteen før årsmøtet i mars 2022, slik at jobben med å finne nytt styre ikkje ligg på éin person.

Ålesund, 15.12.2021

Torgeir Brun

Innhaldet i referatet er stadfesta av

  
Torgeir Brun

  
Inger Lise Aarset